

HAUSTELISTE 5 – 12 August

Denne veka haustar vi kålrot, og spisskål (for deg som ikkje har hausta endå). Mange nye sideskot er å finne i brokkolisenga.

Vi skal teste å knekke av stilkane på rotsellerien, så den kan bruke meir energi på sjølve rota. Då let vi 3 – 4 stikkar stå att, for deg som ønsker å hauste noko til gryta kan du både gjere dette, samt få med deg det du ønsker heim.

Det er mykje sukkererter no, haust det du kan når du er innom, så kjem det fort fleire.

Agurk er ferskvare, og må haustast innan kort tid. Finn du hausteklar agurk når du er innom: haust den. (Det er fleire hausteklare i drivhuset no.)

Vi held fram å hauste gul, og raud kepaløk, samt dei siste restane av kvitløken. Det er ganske vått i jorda for tida, og ein merkar at nokre av dei ytre blada på kvitløken er blaute, men kvitløken kan fint brukast som fersk no. Du kan hauste etter ønske - opp til 15 stykk.

Vi prøver også å hauste all vårløken no, før den vert for grov – dersom den går i blomst. Hugs at du kan kutte denne opp, og fryse direkte.

Bondeøbønner, og rødbeter byrjer vi å hauste til neste veke.
God haustetur!

PLANTE	KVAR	KORLEIS	KOR MYKJE
LUFT/PIPELØK 	Seng 1, og 2	Knip, knekk av. Lauken som kjem på luftløken er også etandes.	Det du trenger
OREGANO	I urtebedet	Knip/klipp av. Ver obs på at oreganoen er den som blomstrar i lilla.	Det du trenger.

			Den som blomstrar i gult er johannesurt - som ikkje blir brukt på same måte som oregano.	
EPLEMYNTE 		I urtebedet, bak pilhytta	Knip/klipp av	Haus det du trenger – god til te.
AGURK 		I drivhuset	Kutt av med kniv, over agurken	Hausteklar agurk; haust når du er innom.
BASILIKUM		I drivhuset	Klipp med saks. Klipp over eit bladpar (der blada kjem ut på stilken) i litt høgde over jorda, så veks	Haus det du treng.

		den seg fint til att.	
BASILIKUM RØD 	I drivhuset	Klipp med saks. Klipp over eit bladpar (der blada kjem ut på stilken) i litt høgde over jorda, så veks den seg fint til att.	Haust det du treng.
SITRONBASILIKUM 	I drivhuset	Klipp med saks. Klipp over eit bladpar (der blada kjem ut på stilken) i litt høgde over jorda, så veks den seg fint til att.	Haust det du treng.
CHILI	I drivhuset		Hausteklar chili; haust, og skriv opp bakerst i dugnadsboka i fjøsen.

				
SUKKERERT 		Fast seng nr. 4, og ved gjerdet til venstre for plasten i åkeren.	Plukk/knip av	Haust etter kor mykje som er der, det blir meir ettersom vi haustar.
SALATLØK 		Fast seng nr. 5	Dra opp, og bruk heile. Nedst er ein liten, mild løk som kan brukast i salat osv.	1 stykk per andel
SUKKERERT LILLA		Fast seng nr. 4	Plukk/knip av	Haust etter kor mykje som er der, det blir meir ettersom vi haustar.

				
KVITLØK 		I faste senger, bak tunnelen. Nr. 10, 11, 13, 14, og 15	Dra opp heile. Det kan vere nødvendig å bruke spade for å få dei opp. Etast fersk	No haustar vi det som er att. Dersom du ønsker kan du hauste opp til 15 stykk.
FENNIKEL 		Til høgre for tunnelen.	Bruk kniv, og kutt av i høgde med jorda.	1 stykk per andel. Det grønne kan også nyttast.
SQUASH		I same seng som fennikel – til høgre for tunnelen	Bruk kniv, eller vri squashen frå planten. Følg med her framover, dei veks fort! : -)	Haustast gjerne før dei vert for store, skriv opp bakerst i dugnadsboka når du har hausta.

				
VÅRLØK 		Seng nr. 29 – står i same senga som purre.	Dra opp, og ta med heile	5 stykk per andel – kan frysast direkte
KEPALØK GUL/RØD 		Nr. 32 - 33	Dra opp. Det grønne kan også etast, eller vris av, og leggst i senga.	5 gule løk per andel + 2 raude. Ta dei største du finn.
SMÅ GULRØTER 		Nr. 34 – 35. (Med potetåkeren)	Dra opp der gulrøtene står tettast. Om du ikkje skal bruke den grønne delen i mat; vri det av og legg i senga.	10 stykk

KÅLROT 	I kålfeltet	Dra opp, vri/knekk av blad.	1 stykk per andel – ta den største du finn.
MAINEPE/REDDIK 	I kålfeltet, i ugrassenga til venstre for spisskål	Plukk, la reddikane som har fått ein lang grøn stilk på toppen stå, dei er på veg i frø, og er ikkje like gode i smak.	Det står framleis att mainepe her.
SPISSKÅL 	I kålfeltet.	Flytt hovudet litt til sides, og kutt/knekk av under hovudet - med kniv.	Det er 18 hausteklare i kålfeltet – 1 per andel til deg som ikkje har hausta enda.
BROKKOLI, SIDESKOT	I kålfeltet. Sjå skiltet framom senga.	Knekk av	Haust det du trenger, det veks fort ut nye!

				
---	--	--	--	--